

Rovviltforvaltning i Rogaland

Dei viktigaste aktørane:

Fylkesmannen i Rogaland

Miljøvernavdelinga har ansvar for bestandsforvaltning, irekna kunnskap om førekomstar og mengde per areal av freda rovvilt i fylket. Dessutan kan avdelinga gi løyve til felling av skadegjerande individ av freda rovvilt, og har ansvar for å handsame søknadar om erstatning for husdyr tatt av freda rovvilt. Søknadar om førebyggjande og konfliktdempjande tiltak vert og handsama av Fylkesmannen.

Rovviltnemnda for Region 1

Rovviltnemnda tiltredde i funksjon 1. april 2005 og dekkjer Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Vest-Agder. Den har ansvar for mellom anna fordeling av fylkesvise rammer til tilskot til skadeførebyggjande tiltak og fastsetting av fellingskvotar og skadefellingskvotar på dei store rovpattedyra. Ein forvaltningsplan for regionen er utarbeida.

Statens naturoppsyn (SNO)

SNO har ansvar for dokumentasjon av moglege rovviltskadar på husdyr og undersøking av observasjonar, spor og sportegn. Til å hjelpa seg i dette arbeidet er lokale rovviltkontaktar engasjert. I Rogaland er det fire slike rovviltkontaktar.

Tilskot om førebyggjande og konfliktdempjande tiltak

Førebygging av rovviltskadar på husdyr er ein prioritert oppgåve i fylkets rovviltforvaltning. Tilskot kan gis til private tiltak for å hindre eller avgrense slike skader. Søknaden skal sendast elektronisk gjennom elektronisk søknadssenter innan fristen 15. februar.

<https://soknadssenter.miljodirektoratet.no/Default.aspx>

I beitesesongen er det mogleg å søke om tilskot til skadeførebyggjande, akutte tiltak. Dersom dette er aktuelt, ta straks kontakt med Fylkesmannen i Rogaland, Miljøvernavdelinga.

Slik går ein frem ved funn av husdyrkadaver

Finn du eit kadaver og mistenker at rovdyr har vært på ferde, bør du gjere fylgjande:

- La kadaver ligge mest mogleg urørt, men dekk det til slik at åtseletarar ikkje kjem til.
- Merk funnstad, gjerne med plastpose i eit tre e.l. slik at det er lett å finne.
- Beskriv funnstad og kryss av på kart om mogleg, aller best er GPS-posisjon.
- Fotografer kadaver om mogleg frå ulike vinklar, gjerne med ein gjenstand av kjent størrelse ved sidan av kadaver (særleg bra for å anslå f.eks. størrelse på bitt og avstand mellom tenner).
- **Meld frå til næraste rovviltkontakt så snart som råd – bevis forsvinn raskt!**

Det er eit krav for seinare å ha rett til å søka om erstatning at alle funn av kadaver eller skadar på husdyr som kan skyldast rovdyr straks vert meldt til naturoppsynet. Her er ein oversikt over rovviltkontaktar i Rogaland:

Namn og adresse	Kontakt detaljar	Ansvarsområde / Kommunar
Dunkley, Andreas Jonas Liesgt. 11, 5529 Haugesund	Mobil: 480 25 444	Nord i Rogaland og Sør i Hordaland.
Helland, Berit Eikeland 54, 4389 Vikeså	Mobil: 977 03 275	Bjerkreim, Eigersund, Lund, Sokndal, Hå, Gjesdal, Time, Klepp, Sandnes, Forsand, Sola, Stavanger, Randaberg.
Seljeset, Krister Randøy Ring 2014, 4130 Hjelmeland	Mobil: 915 40 836	Suldal og Hjelmeland.

Rovviltansvarleg for SNO i Rogaland er Jon-Erling Skåtan. Mobil: 482 54 803, e-post: jon.erling.skatan@miljodir.no

Søke erstatning for skader på husdyr

Fristen for å søke om erstatning for skader på husdyr er 1. november. Staten erstattar dokumenterte og antatt tap og skader frå freda rovvilt på husdyr. Alle søknader skal leverast elektronisk gjennom Miljødirektoratets database elektronisk søknadssenter:

<https://soknadssenter.miljodirektoratet.no/>

Dersom ein opplever problem med å levere elektronisk kan ein ta kontakt med landbrukskontoret i kommunen og be om hjelp. Nye søkarar må først registrere seg som søker.

Alle relevante opplysningar må fylgje søknaden. Dette er viktig for at vi skal kunne vurdere søknaden etter *Forskrift om erstatning når husdyr blir drept eller skadet av rovvilt*:

<http://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2014-05-30-677>

Søknaden må innehalde eit kart der beiteområdet er teikna på. Det er også eit krav om å legge ved ei liste med besetningsdata. Denne skal som minimum innehalde alle individnummer i besetningen, kopling mellom mor og lam, dødsårsaker og helse/sjukdomsinformasjon.

Rovviltkontaktar hos Fylkesmannen i Rogaland:

Cathrine Stabel Eltervåg: tlf.: 51 56 89 15, mobil: 986 76 987, e-post:

fmroch@fylkesmannen.no

Per Kristian Austbø: tlf.: 51 56 89 10, mobil: 469 33 844, e-post: fmropka@fylkesmannen.no